

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 15.11.2010
Sakhandsamar: **Bård Humberset**
Saka gjeld: **Revisjonsrapport - Leveranse av helsepersonellvikarar**

Arkivsak
2010/510/
Styresak 129/10 B

Styremøte 01.12. 2010

Forslag til vedtak

Styret tek rapport frå internrevisjon om leveranse av helsepersonellvikarar til orientering og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som er sett i verk.

Oppsummering

Denne saka vart behandla av revisjonskomiteen 15.11.2010. Det er frå møtet i revisjonskomiteen notert at internrevisor presenterte rapporten, og at komiteen ber om at presentasjonen følgjer rapporten til styret.

Revisjonskomiteen gjorde følgjande vedtak (samrøystes):

"Revisjonskomiteen tek rapporten til orientering og ber om å bli halden vidare orientert om oppfølginga i løpet av første halvår 2011. Komiteen vil også følgje opp problematikken i tilknytning til arbeidet med ny plan for internrevisjon."

Her følgjer saksframlegget for komiteen.

Bakgrunn

Blant anna på grunn av oppslag i media vart det i sommar sett i gang ei undersøking av innleie av vikarar frå seks selskap. Ein ville sjå nærare på kontraktsoppfølginga av rammeavtaler for leveranse av helsepersonellvikarar til Helse Vest.

Dei regionale helseføretaka har gjennom innkjøpssamarbeidet HINAS inngått rammeavtaler med leverandørar av helsepersonell.

Det er utført kontroll på staden hos seks leverandørar av helsepersonellvikarar. Fire av leverandørane har rammeavtale med samlege fire regionale helseføretak. De to andre leverandørane har bare rammeavtale med Helse Vest.

Kommentarar

Internrevisjonen og administrasjonane i dei andre regionane vart orientert om prosjektet av di fleire av selskapa og hadde avtale med dei, og stikkprøveutvalet ga treff på utleigeforhold i fleire regionar.

Revisjonen var eit ad-hoc prosjekt i sommar, med munnleg orientering av leiar i revisjonskomiteen. Komiteen sjølv fekk eit foreløpig resymé i sitt møte 18.10.2010.

Konklusjonen er at revisjonen avdekkja feil og manglar på alle tre undersøkte områder:

1. Kvalitet på innleid personell
2. Kvalitet på behandling av ordrebekreftelse og fakturering
3. Øvrige kontraktsfestede forpliktelser

Vidare er det slik at sidan undersøkinga vart gjennomført på seinsommaren, er det satt i gang tiltak hos leverandørane, og frå helseføretaka mot leverandørane, for å sikre samsvar mellom krav og praksis.

Administrasjonen i Helse Vest RHF opplyser at det vil bli gjennomført følgjande aktivitetar:

- Nye krav til leverandørane
- Forbetring av rutinar for sommarbestillingar
- Nasjonal konferanse om vikarbruk

I tillegg gjennomføres det ei rekke enkelttiltak som alle skal bidra til høg kvalitet og etterleving av avtalene.

Vedlegg

- Rapport frå internrevisjon i Helse Vest RHF – "Kontraktoppfølging av rammeavtaler for leveranse av helsepersonellvikarar"
- Lysark frå presentasjon i Revisjonskomiteen 15. november